
982848709

LAILA BJØRGE

Mobilnummer
954 35 405

E-postadresse
laila.bjorge@gmail.com

Kontonummer **** * 04684

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
12.10.2020	Alver kommune	01.06.2020	2020/11076, Agros 133329

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksoppdraget – Restaurering av kvernhus fra 1663

Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 27 500 kroner i tilskot til LAILA BJØRGE til Restaurering av kvernhus fra 1663. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.06.2023.

Alver kommune viser til søknad av 01.06.2020.

Bakgrunn i saka

LAILA BJØRGE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksoppdraget 01.06.2020. Du søker om totalt 27 500 kroner i tilskot for tiltak perioden 30.06.2020-01.05.2022. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 55 000 kroner.

Søkjar ønskjar å restaurere eit kvernhus. I 1995 vart det lagt knotteplast og torv på taket. Dette var den vanlege måten å gjera det på den gongen, men knotteplast er ei därleg og lite varig løysing. Torvhallen og krokane er rotne, og søkjar er redd for lekkasjer. Det må gjerast ein jobb med taket for å sikra bygget. Planen er å ta av torva, skifta ut knotteplasten med sveist sanafilduk, som er mykje sterkare. Leggja opp ny torvhall, krokar og never. Vassrenna (sloket) er roten etter 30 år, og ein stor del av renna må lagast ny. Ved førre restaurering vart det ikkje montert klure på kvernsteinane og dette er ein detalj på sjølve kverna som må fiksast.. .

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruksoppdraget er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruksoppdraget og redusere forureininga frå jordbruksoppdraget, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruksoppdraget](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruksoppdraget § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbruksseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbruksseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskriftera som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbruksseigedommen skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Kvernhuset frå 1663 er det eldste bygget i bygda. Bygningen er verdiull å ta vare på grunn av alder og at det er få slike bygg att i regionen. Det er mange skuleklassar, barnehagar og andre tilreisande som har fått opplevd kverna i drift, og dette ynskjer søker å halda fram med.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7.

Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også høyt prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Administrasjonen meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å ta vare på det verdifulle kulturminnet.

Kostnadsoverslaget fra Rune Revheim vert godkjent og lagt til grunn for tilskotsberkninga :

Tiltak	Kostnad kr	Tilskot%	Tilskot kr
Restaurering av tak	22000		
Sloket omlag 50% dårlig inkl arbeid og material	20500		
Klure	1500		
Tjøra og linolja	9000		
Diverse før og etterarbeid	2000		
Sum	55000	50	27500

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 27 500 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.06.2023. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

- Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp og i dialog med kulturminneansvarleg i Alver kommune.

- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

-Sluttrapportering skal gjerast elektronisk via altinn. Skjema for rapportering finn du på landbruksdirektoratet si heimeside eller ved å logge inn på saka di i altinn.

-Husk å ta bilder undervegs, før timelister og ta vare på kvitteringar for utlegg som du har hatt undervegs tilknytt tiltaket.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 55 000 kroner. Utbetalte tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalte tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Kjartan Nyhammer